



Dato: 25.03.2019  
Vår ref.: 2016/34254-33  
Saksbehandlar: torklin  
Dykkar ref.:

## Forprosjektet Nordrepollen-Austrepollen og oppgradering av Furebergtunellen. Referat frå møtet 6. mars 2019.

### Til stades:

Ordførar Roald Aga Haug og Kristian Bondhus-Jensen frå Odda kommune, Anbjørn Høivik, Anne Lise Næs og ordførar Peder Sjo Slettebø frå Kvinnherad kommune, ordførar Jon Larsgård frå Jondal kommune, Eva Sundal og Carl-Erik Nielsen frå Statens vegvesen, John Martin Jacobsen, Matti Torgersen og Torill Klinker frå Hordaland fylkeskommune.

### Bakgrunn

Ordførar Jon Larsgård ynskte velkommen og viste til brev datert 2. januar 2019 der kommunane Jondal, Kvam, Kvinnherad og Kvam ønskete å forskottere planarbeid for strekninga Fv 107 Nordrepollen – Austrepollen. I brevet vart også eit ønskje om å sjå ein bompengeproposisjon i samanheng med finansiering av ny Fv 551 Furebergtunell.

Matti Torgersen gjennomgikk kort forprosjektet Nordrepollen – Austrepollen. Fylkeskommunen er samd med forprosjektet i at ein tilrår å gå vidare med linje 1 og 6. I første fase er det behov for å kartlegge særleg geologiske og geotekniske tilhøve knytt til påhuggspunkt, rasfare, utfylling og kryssing av elv. Fylkeskommunen og SVV har difor vurdert at det kan utarbeidast eit forprosjekt før oppstart av reguleringsplan.

I fylkeskommunen sitt investeringsprogram ligg tunnelen inne med planmidlar i 2020. Fylkeskommunen presiserte at ein på prinsipielt grunnlag ikkje ynskjer å opna for forskottering, men at ein truleg kan omdisponera planmidlar for inneverande år. Prosjektet er allereie prioritert i investeringsprogrammet, det er difor ikkje snakk om å «sni i køen» i høve til andre prosjekt. Det er uklårt kor mykje av planarbeidet som kan gjennomførast i 2019, men det er ein ambisjon at arbeidet skal starta opp.

For Furebergtunnelen er det avsett 70 mill. kr i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Dette gjeld generell oppgradering samt noko strossing. Furebergtunellen ligg inne med 70 mill. kr i HFK sitt investeringsprogram for perioden 2023-2026. Strekninga aust for tunnelen ligg på skredsikringslista, men innanfor kategorien låg. Det er neppe aktuelt med skredsikringsmidlar til tunnelen. HFK kan eventuelt utarbeida eit forprosjekt for å sjå på moglegheitene.

Det er i dag høge innkrevjingskostnader på bomstasjonen ved Jondalstunnelen, grunna låg ADT. Bompengepotensialet er avgrensa, men bomstasjon kan eventuelt flyttast til i nærliken av Folgefondtunnelen som har om lag dobbelt så stor trafikk. Dette er særleg aktuelt om bompengar skal

nyttast til å utbetre Furebergtunnelen. Plassering av bomstasjon må følge nytteprinsippet, dvs. at den som betalar skal ha nytte av prosjektet, og den som har nytte skal betale. Desse konkrete prosjekta vil ha relativt låg ÅDT, og nytten er vesentleg større for brukarar i nokre delar av området enn andre.

### **Drøfting og konklusjon**

Kommunane ønskete å starte reguleringsplan no for Fv 107 Nordrepollen-Austrepollen. Eit forprosjekt vil ikkje varsle grunneigarar og andre interessentar på same måte som ein reguleringsplan, og vil heller ikkje gje ein like føreseieleg planprosess i tråd med plan- og bygningslova. Det vart difor semje om å ha ein formell oppstart av reguleringsplan i inneverande år. Første fase i reguleringsplanarbeidet vil vere å avklare traseaval på strekninga, i første rekke basert på geologiske og geotekniske forhold.

HFK tek også ansvar for å starte opp eit forprosjekt, lyst ut til konsulent, for Fv 551 Furebergtunnelen. Forprosjektet må avklare om tunnelen bør bli strossa ut saman med utbetring av smale parti i daglinje, eller om det er aktuelt med utviding av tunnelen.

Ein avventar vidare avklăringer i høve til finansiering / bompengeprosess til kostnader er kartlagt. Vegprosjektet Nordrepollen – Austrepollen vil truleg kunne delfinansierast av rassikringsmidlar, men det er utfordringar knytt til at Tokagjelet krev nesten alle tilgjengelege rassikringsmidlar framover. Det ligg også usikkerheit i den nye finansieringsmodellen frå og med 2020, der rassikringsmidlar truleg vert overført som rammetilskot, og ikkje som øyremerkte midlar. Partane er godt kjent med dei samla rassikringsutfordringane i nye Vestland fylke, og ser at det kan bli utforandring å få prioritert dei ulike prosjekta. Det er likevel viktig å ha ein planreserve om det viser seg mogleg å realisere prosjektet. Det var semje om at det eine prosjektet ikkje må bremsa det andre.

Det vart presisert frå lokale partar at Jondalstunellen er nedbetalt i 2023, og at det er ynskjeleg med kontinuitet i høve til bompengeinnkrevjinga.

HFK skisserer framdrift og bereknar behov for planmidlar i 2019-2020. Saka vil diskuterast i fylkesvegrådet og deretter leggjast fram for MISA (utval for miljø- og samferdsle) i april.

Referent: Torill Klinker / Matti Torgersen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*